



Notat

Dato: 24.05.2016
Arkivsak: 2016/5160-1
Saksbehandlar: livsund

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

Plankonferansen i Hordaland 25 - 26. oktober 2016 – melding

Den årlege plankonferansen i Hordaland finn stad 25 – 26. oktober på Hotel Grand Terminus i Bergen. Plankonferansen er ein viktig møteplass for fagfolk og politikarar frå heile fylket, og er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland.

Årets tema er «Planlegging for god folkehelse» og er mellom anna inspirert av rapporten «Folkehelsa i Hordaland 2015 – ei kunnskapsoversikt» som vart utgitt av Hordaland fylkeskommune i 2016, og som også ligg til grunn for ny regional planstrategi.

Konferansen går over to dagar, der tema dag 1 i hovudsak blir helse i plan, stadutvikling og levekår. På dag 2 er det kvardagsmiljøet som er hovudtema, inkludert tre fagsesjonar innretta mot praktisk planlegging. Sesjonane tar opp korleis vi med mål om ei betre folkehelse kan planlegge for inkludering og livskvalitet, utforming av by og tettstad, leik og fysisk aktivitet.

Programmet er under utarbeiding og det vil kome invitasjon etter sommaren. Set gjerne av dagane alt no!